

Årbok for Sogn 2005  
Historielaget for Sogn

# Innhold

Til leserane .....	side	5	Unionsoppløysinga
Kort presentasjon av forfattarane til Årbok for Sogn 2005 .....	side	6	11. 1905 i Sogn: Unionsoppløysing, republikanisme og målsak ..... side 60 – av Oddmund Løkensgård Hoel
Prestegardar og prestegardsliv			12. Kvinneunderskriftsaksjonen i 1905 – ei formidabel mobilisering for nasjon og stemmerett ..... side 76 – av Kjerstin Risnes
1. Vik prestegard, gamal embets- mannsgård på flyttefot .....	side	8	13. Om kroninga i 1906 og kongebesøk i Sogn same året ..... side 83 – av Hermund Kleppa
– av Aage Engesæter			
2. Leikanger prestegård, fra prestebolig til museum.....	side	18	
– av Janike Sverdrup Ugelstad			
3. Leikanger prestegard – «...hvor jeg helst var og best var i heele Sogn.».....	side	24	Diverse:
– av Terje Eggum			14. Eit slagferdig folkaferd ..... side 96 – av Odd Njøs
4. Min gamle prestegaard .....	side	32	15. Krigen i Valdres med Magnus Ringstad og Sverre Aas..... side 100 – Johan Hagen
– av Jakob Walnum			16. Lokalsøge, riksøge og topografi i samarbeid ..... side 105 – av Anders Ohnstad
5. Lærdal prestegård .....	side	34	17. Frå Horg til Haug – av Anders Ohnstad..... side 110
Claus Lindstrøm			17. Den gamle kjempehaugen..... side 112 – av Anders Ohnstad
6. Minne frå Lærdal prestegård.....	side	38	18. Kort årsmelding frå De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum ..... side 113
– av Kjetil Netland			
7. Oppveksten min i Lærdal prestegård.....	side	40	
– av Sissel Marie Netland			
8. Prestegårdsliv i Lyster .....	side	42	
– av Ragnar Hovland			
9. Prestegården i Eivindvik i prost Niels Griis Alstrup Dahl si tid.....	side	46	
– av Aud Randal			
10. Prestehagar.....	side	51	
– av Irene Dahle			

# 1905 i Sogn: unionsoppløysing, republikanisme og målsak

«Inga regjering står det slik glans av i norsk historie som 1905-regjeringa,» skrev den store historikaren Halvdan Koht i 1923.<sup>1</sup> Etter 100-årsmerkinga i år kan me trygt slå fast at desse orda står. Det er først og fremst dei store menn fra 1905 som har stått i sentrum, og både statsminister Christian Michelsen, utenriksminister Jørgen Løvland og kong Haakon har fått eller er i ferd med å få omfangsrike biografiske verk.

Samstundes var 1905 òg året for dei tallause småmenn og ikkje minst kvinner. 1905 var eit forrykande år prega av krigsfare og den største nasjonale samlinga nordmenn nokon gong har kunna oppvisa, men òg kvass intern politisk strid og eit imponerande folkeleg engasjement. Det var året då dei mange små røystene for fyrste gong i norsk soge kom så breitt til uttrykk – gjennom to folkerøystingar, folkemøte, demonstrasjonar, ein imponerande kvinneunderskriftsaksjon og ikkje minst gjennom avisspaltene. Slik vart ikkje 1905 berre året då det fulle nasjonale sjølvstyret vart verkeleggjort – det var òg det endelege gjennombrotet for folkestyret. Dette har òg kome til uttrykk i år, gjennom entusiasmen i dei lokale

feiringane som står i kontrast til *markeringa* som sentrale styresmakter i utgangspunktet la opp til.

Regionen vår var ikkje noko unntak, og det er det folkelege engasjementet her i Sogn som er emnet for denne artikkelen. Den beste kjelda me har til dette, er dei to sogaavisene som kom ut i 1905 – høgreavisa *Sogningen* i Vik og venstreavisa *Sogns Tidende* i Sogndal.<sup>2</sup> Fyrste delen er ein gjennomgang av korleis 1905 arta seg i Sogn, sett gjennom avisene og ikkje minst brillene til redaktørane deira. Deretter skal me gå nærmare inn på samanhengen mellom unionssaka, striden om styreforma hausten 1905 og målreisinga. Sogn var ein av dei regionane der arbeidet for nynorsken hadde kome lengst i 1905, og det gjer det interessant å sjå kva plass målreisinga og norskdomsrørla hadde i dei store hendingane i 1905, og om det eventuelt gav 1905 eit særpreg i Sogn.<sup>3</sup>



1 Koht 1923, s. 14

2 Dette er kjelder som har vorte lett tilgjengelege i 2005 ved at ein stor del av dei aktuelle avisklippa er publiserte på den framifrå 1905-nettstaden til Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane [[www.sffarkiv.no/1905/](http://www.sffarkiv.no/1905/)].

## NYE FØRESETNADER FOR FOLKELEG DELTAKING AVISER OG TELESAMBAND

Unionsoppløysinga kan berre skjønast på bakgrunn av informasjons- og medierevolusjonen som hadde sett kraftige spor i Noreg som i resten av verda i 1905. Telefon- og telegrafliner var strekte over det meste av Noreg, og i Sogn hadde det særleg kome fart i teleutbygginga frå 1896–97, ikkje minst sidan lina Bergen–Trondheim vart trekt gjennom regionen. I 1905 fanst det ei rekke private og offentlege telefon- og telegrafstasjonar i Sogn, og berre herada Solund, Brekke, Lavik, Kyrkjebø og Jostedalen var heilt utan telesamband. Noreg var òg ein del av eit globalt telenett som mellom 1880 og 1900 hadde nådd ut til dei fleste verdshjørne.<sup>4</sup> Dette skapte grunnlaget for *nyhendetelegrammet*, og norske aviser var på denne tida fulle av nyhendetelegram både frå Noreg og utlandet. I 1905 var det framfor alt den store og blodige russisk-japanske krigen som prega utanriksdekninga. Krigen er vel ukjend for dei fleste i dag, men så stor var interessa den gongen at ei rad norske aviser, også dei to sognaavisene, laga eigne temanummer om krigen.

Aviser var det nøgda av i 1905. Dei hadde vorte ein del av kvardagslivet til folk flest, og fleire husstandar gjekk gjerne saman om abonnement. I 1905 kom det ut 184 aviser i Noreg, noko som både var eit imponerande tal i samtida og imponerer i dag, som me har kring 230 aviser, men dobbelt så mange og langt rikare innbyggjarar. 1905 var midt i den sterkeste veksten i norsk pressehistorie, både i talet på aviser og i avislesing – for kvart tiår mellom 1880 og 1920 dobla avisforbruket i Noreg seg. Ein teknologisk føresetnad var rotasjonspressa, som gjorde det langt billegare å prenta aviser i store opplag, og avisene kunne dermed bli folkelesnad.<sup>5</sup>

Denne medierevolusjonen – presse og telesamband – skapte ei sams nasjonal notid som la eit langt sterkare grunnlag for ein opplevd nasjonal identitet og gjorde

direkte deltaking i det offentlege livet mogleg på ein heilt annan måte enn før. I 1905 kunne ein bodskap formidlast til store delar av folkesetnaden i løpet av få timer. Det gjekk under to timer frå 7. juni-vedtaket i Stortinget var kjent for avisredaksjonane og mange andre i Sogn. Berre nokre tiår før kunne det ta fleire veker. Dei aller fleste sogninngar fekk truleg kjennskap til unionsoppløysinga alt same dagen.

Dei to sognaavisene i 1905 er kjærkomne til vårt bruk – dei fangar opp i seg grunnleggjande sosiale, politiske og kulturelle konfliktlinjer i det norske samfunnet kring hundreårsskiftet. Venstreavis *Sogns Tidende* vart etablert i Lærdal i 1877 av jurist og seinare statsminister Otto Albert Blehr. I 1903 tok Jens Kvåle (f. 1863) over avisa, flytte ho til Sogndal og slo ho saman med sitt eige vekeblad *Sygna*, som han i 1896 hadde teke til å gje ut under namnet *Ungdom. Sygna*, og dermed *Sogns Tidende*, har gått for å vera det fyrste bygdebladet på nynorsk, og Kvåle var redaktør heilt til avisa gjekk inn i 1940. Han har gått inn i pressesoga som ein av dei legendariske redaktörane både i Sogn og Fjordane og i den nynorske pressa. Kvåle var innfødd sogndøl, målmann, venstremann, folkehøgskulelærar, lokalpolitikar i ein mannsalder og stortingsmann 1931–33. Han og avisa var sentrale i det sterke norskdomsmiljøet i Sogn som hadde sentrumet sitt på folkehøgskulen i Sogndal (skipa 1871).

Rasmus Thorsen. Biletet kan vere teke kring hundreårs-skiftet. Han var jamgamal med Jens Kvåle og fylte 42 i 1905. Frå Sogningen 2/12 1927. (Fotograf: ukjend.)



<sup>3</sup> «Norskdomsrørsla» er ei samlenemning for målrørsla, den frilynde ungdomslagsrørsla og folkehøgskulane.

Hovudorganisasjonane er i dag Noregs Ungdomslag (1896) og Noregs Mållag (1906).

<sup>4</sup> Runde 1997, s. 10; 2005a; 2005b.

<sup>5</sup> Hasle 2005, s. 15ff.

Fleire av folkedaningsinstitusjonane i Sogn sprang ut or folkehøgskulemiljøet i Sogndal, som Sogn Ungdomslag (1896) og Sogns Lærarlag (1896), og i *Sogns Tidende* hadde dei eit trufast organ. Folkehøgskulen var ikkje berre populær. Dei konservative innsåg at han var viktig for å styrka den politiske interessa, men på feil måte. I 1891 freista godseigar Knagenhjelm å få amtsformannskapet til å stryka den årvisse løvinga til folkehøgskulen fordi skulen var ein «meget uheldig skole. Eleverne oplærer til politiske Kandestøberier, holder møder og politicerer når de kommer ud af skolen». <sup>6</sup>

Medan *Sogns Tidende* kom ut med to nummer i veka, var *Sogningen* vekeavis. Ingen av dei var omfangsrike etter vår mælestav – fire store avissider der over ei var fylt med lysingar. Høgreavisa *Sogningen* kom ut i Vik frå april 1897, og grunnleggjar og redaktør gjennom 15 år var typografen og journalisten Rasmus Thorsen frå Stavanger. Han hadde skipa avis *Nordfjord* på Sandane året før på oppdrag frå Høgre sin organisasjon i Bergen, og det var same oppdragsgjevar som sende han til Vik. *Sogningen* appellerte til bondekonservatismen. Undertittelen var «Organ for Bondens politiske og økonomiske Interesser», og programartikkelen i fyrste nummer let det ikkje vera

nokon tvil om kva avis Sogn no hadde fått: «*Sogningen* er et Organ for Sogns moderate og konservative Partier. Den vil tale Landmannens Interesser, de politiske som de økonomiske.» (7/4 1897) Hovudfienden var Venstre. Det var neppe tilfeldig at dei konservative valde Vik for avisestableringa. Her stod dei konservative sterkt, mellom anna fordi bygda hadde eit sterkt offisersmiljø knytt til Viksmoen. Det kom ikkje minst til uttrykk i målstriden, som var uvanleg sterkt i Vik. *Sogningen* var riksmålsavis, og redaktør Thorsen var sjølv ihuga riksmålsmann.<sup>7</sup>

Både avisene hadde ambisjonar om å dekkja heile Sogn, og det at ei kom ut i Vik og ei i Sogndal var ikkje fyrst og fremst eit uttrykk for ei geografisk deling av marknaden, men ei politisk, kulturell og språkleg kløyving som gjekk tvers gjennom alle sognabygdene. Truverdige opplags-tal er ikkje lette å få tak i frå denne tida, men *Sogningen* gav i august 1905 sjølv opp å ha ca. 1650 tingarar (11/8). Noko tal har eg ikkje funne for *Sogns Tidende*, men avisar hevda jamleg at ho var den største av dei seks avisene i Nordre Bergenshus amt og vart lese i «kvar krok og kvar kraa i Sogn» (24/2). Me treng nok i allfall ikkje tvila på at *Sogns Tidende* var monaleg større enn *Sogningen* – avisar var både 20 år eldre og hadde nyleg fusjonert med populære *Sygna*.

## UNIONSSTRIDEN GÅR INN I SLUTTFASEN

Det hadde jamt vore strid om unionen heilt sidan Noreg vart tvunge inn i han sommaren og hausten 1814, og frå 1880-åra hadde striden kvesst seg til, både mellom Noreg og Sverige og internt i norsk politikk. Unionsfellesskapen avgrensa seg hovudsakleg til sams konge og utanriks-styre. Venstre reiste kravet om eit eige norsk utanriksstyre i 1891 og Stortinget året etter. Spørsmålet om eigen utanriksminister vart halde nede, og det var ønsket om eit eige norsk konsulatvesen som det norske politiske miljøet samla seg om det neste tiåret, også Høgre. Medan Sverige utetter i 1890-åra meir og meir gjekk i protek-

Rasmus Thorsen. Biletet kan vere teke kring hundreårsskiftet. Han var jamgamal med Jens Kvåle og fylte 42 i 1905. Frå *Sogningen* 2/12 1927. (Fotograf: ukjend.)



sjonistisk retning for å verna sitt eige næringsliv, særleg landbruket, hadde Noreg ein open økonomi der skipsfart og utanrikshandel var viktig. Dermed vart det aukande usemje både om plasseringa av konsulata og om kva interesser konsulane skulle fremja. Då norske styresmakter køyrd fram konsulatsaka i 1895, gjekk det så langt at Sverige truga med krig for å få Noreg til å bøya seg.

Konsulatsaka gjorde òg meir prinsipielle spørsmål synlege. Noreg var ikkje herre i eige hus, noko som vart stadig viktigare i eit Europa der den nasjonale sjølvrådretten stod svært sterkt. Like viktig var det at unionen stod i vegen for eit fullt norsk folkestyre. Etter riksrettsdomen i 1884 og innføringa av parlamentarismen, måtte regjeringa til kvar tid bøya seg for eit fleirtal i Stortinget. Den nye og demokratiske statsskikken kom i aukande grad i konflikt med den personlege kongemakta som kong Oscar utøvde då han i fleire tilfelle brukte den grunnlovsfesta retten sin til å leggja ned veto mot avgjerder som Stortinget hadde fatta.

I 1903 såg det lenge ut til at Noreg skulle få sitt eige konsulatvesen etter tingingar med Sverige, men oppunder jol 1904 presenterte den svenske statsministeren E.G. Brostrøm dei såkalla «lydrikepunkt» – svenske krav som slo fast at eit norsk konsulatvesen i praksis ville vera underlagt svensk utanriksstyre. På nyåret (7. februar) kom det formelle brotet i dei norsk-svenske tingingane, og den forhandlingsorienterte regjeringa til den konsernative Francis Hagerup vart handlingslamma då to av statsrådane, mellom anna Christian Michelsen, forlet regjeringa fordi dei var usamde i Hagerups strategi om å ta opp heile unionstilhøvet til tinging med Sverige. I denne situasjonen greip Stortinget initiativet ved å setja ned ein spesialkomite for å løysa unionssaka, og i februar/mars vart ei ny line med Michelsen som leiande strateg forma ut. Michelsen vart utnemnd til statsminister for ei brei samlingsregjering 11. mars, «7. juni-regjering», som hadde skipinga av eit eige norsk konsulatvesen som einaste sak.

Dei to sognavisene gjekk inn i 1905 med svært ulik lydstyrke. Omkring og etter forhandlingsbrotet med Sverige øygna *Sogns Tidende* von om at Venstre si store konsulsak no kunne drivast gjennom, og statsmakten vart høgrøysta oppmoda om å setja hardt mot hardt. I *Sogningen* rådde derimot forvirringa som prega dei moderate og konservative miljøa på denne tida. Dei konservative var tradisjonelt unionsvenlege og kom i ein vanskeleg situasjon då den stadig mindre populære forhandlingslinja til Hagerup-regjeringa gjekk mot havari. I programartikkelen i det fyrste nummeret av *Sogningen* i 1897 heitte det at «Det radikale Venstres utvetydige Higen mod Unionens Opløsning, deres utvetydige Arbeide for at løse ogsaa Unionens saavelsom Kongedømmet i Nordmænds Sind, dette Arbeides Farlighed og Ubetimelighed, det skal det være vor Opgave at eftervise.» (S 7/4 1897) Den einaste lina *Sogningen* greidde å samla seg sjølv om vinteren 1905, var at «regjeringa-veit-best», same kva ho måtte koma fram til og kva for ei regjering det var. Dette innebar òg full støtte til Michelsen-regjeringa og strategien ho meisla ut, og ein markert avstand til Francis Hagerup etter regjeringsskiftet. Alf Kaartvedt har i *Høyres historie* lagt vekt på at særleg vestlendingane i stortingsgruppa i februar 1905 var redde for at dei «feies væk» ved valet hausten 1906 dersom Høgre ikkje gjekk over til ein meir aktivistisk unionspolitikk. Det ser såleis ut til at *Sogningen* føyer seg inn i eit større bilet der Vestlands-Høgre utgjorde eit kritisk element i partiet til den unionsvenlege forhandlingslinja til Hagerup.<sup>8</sup>

I mars lukkast det Michelsen å samla heile Stortinget bak den såkalla 'korte lovlina' for å få skipa eit norsk konsulatvesen. Alt sist i januar hadde Jens Kvåle teke til orde for dette linevalet og forklart *Sogns Tidende*-lesarane kva det gjekk ut på:

Alle parti i Stortinget kan verta samde um, at dei ikkje vil staa som regjering dersom kongen ikkje sanksjonerar konsulatloven straks; samde um at ingen norsk regjering vil 'kontrasignere',

unskriva [!] med kongen, og taka ansvaret for ei sanksjonsnægting i denne sak. Daa lyt kongen og svenskarne bøygja seg. Utan regjering vert det lovløysa i landet, og daa maa stortinget taka heile landsstyret i si hand. (ST 27/1)

Me skal merka oss at Kvåle og *Sogns Tidende* ikkje stod på same posisjon som norskdomsrørsla og dei unionsradikale delane av venstre. Dei ville at Stortinget skulle gjenomføra konsulatsaka utan lovvedtak og såleis utan at saka vart lagd fram for kongen i det heile. Gjennom heile året kom *Sogns Tidende* til å stå på ei meir moderat linje i unionssaka enn dei mest radikale delane av Venstre. På hi sida ville mange konservative anten be Sverige om nye forhandlingar, denne gongen om opplysing av unionen, eller gjennomføra konsulatsaka etter den 'lange lovlina'. Det ville seia at ein følgde Grunnlova si føresegn om å vedta konsulatlova i tre ulike Storting, for då kunne ikkje kongen lenger nekta sanksjon. Men det ville ta fleire år.

Kompromisset vart difor den korte lovlina – brot og i praksis unionsoppløsing etter første kongelege sanksjonsnekting. Når dette var klårt, stilte både *Sogns Tidende* og *Sogningen* seg entusiastisk bak regjeringa og Stortinget si linje – no var det slutt på tvilen.

## DÅ UNIONSOPPLØYSINGA KOM TIL SOGN

Dei neste vekene og månadene var både avisene fulle stoff om unionssaka, i fyrste rekke referat frå regjerings- og stortingsmiljøet. Den 10. mai kom Stortinget sin spesialkomite med innstillinga om konsulatsaka, og 18. og 23. mai vedtok Odelstinget og Lagtinget samråystes konsulatlova. Den 27. mai fekk kong Oscar konsulatlova til sanksjon i det siste norske statsrådet på Stockholm slott, og det gjekk som venta: Han nekta sanksjon, og den norske regjeringa sokte om å få gå, noko kongen nekta med den grunngjevinga at han ikkje ville vera i stand til å skaffa Noreg ei ny regjering. Dermed var den konstitu-

sjonelle krisesituasjonen eit faktum, og 7. juni vedtok Stortinget at regjeringa Michelsen mellombels skulle halda fram, at kong Oscar ikkje lenger var norsk konge, og at unionen var å rekna som oppløyst.<sup>9</sup>

Spennin ga som var bygt opp i dei to avisene gjennom stadig fleire spalteometer utover våren, fekk si store utløysing i dei ordinære utgåvene som kom 9. juni. Redaktørane rekna med at noko stort var i kjørnda, men den lite fleksible produksjonsmåten gjorde det ikkje så enkelt. Kvåle fylte difor opp det meste av framsida på ein gjennomgang av norsk sjølvstende- og unionshistorie klypt frå *Stavanger Avis*. Både avisene hadde sett av plass til siste nytt, og telegramma står som sedimentære avleiringar nedover i spaltene. Fyrst blir innkomne rykte om eit stortingsvedtak refererte, så kjem heile vedtaket. Her ser me at det tok ein knapp halvtime før avisene hadde dei fyrste meldingane om Stortinget sitt unionsvedtak, og det tok knapt to timer før *Sogningen* hadde den presise ordlyden. Den 9. juni rakk både avisene og å mælda om dei fyrste reaksjonane frå utlandet.

1. pinsedag fall på 11. juni, og prestane var bedne om å lesa opp Stortinget sin proklamasjon om unionsoppløysinga for kyrkjelydane. Opplesinga var «av dei største stunder mange hev havt i sitt liv», og folk hadde «venta i stor spaning, ogso dei som hadde lese meldingi og uppropet til folket» melder *Sogns Tidende*. Og som om det ikkje var gildt nok inni kyrkja:

Det hev vore vent pinsever i helgi, aaker og eng hev skote rask vokster, og hagarne lyser i sin fulle fagerdom. I denne bunad og i dette straalande ver styrkjer naturen sjølv dei nasjonale kjenslor, som i desse dagar raar so eintonige og sterke i kvar nordmanns hug og haatt. Eit slike land er noko aa eiga. Det er verd endaa dei største offer. (ST 16/6)

Andre pinsedagen vart det halde eit folkemøte i Sogndal der det på kort varsel møtte 6–700 menneske. Dei gjekk i tog bak skyttarfana, skulefana og flagg, det var

talar mellom anna av folkehøgskulelærar Vilhelm Flughheim, og sjølv sagt «Gud signe vårt dyre fedreland» – Blixsalma som i 1905 fekk sitt store nasjonale gjennombrot.


## FOLKERØYSTINGA 13. AUGUST

Den uavklåra situasjonen i høve til omverda gjorde det heilt naudsynt å demonstrera at unionsoppløysinga hadde unison støtte i folket. Norske styresmakter og tonegjevande krefter i lokalsamfunna arbeidde difor hardt utover sommaren for å rydda av vegen den tvilen som framleis måtte finnast. Sommaren var tida for dei store stemna. I Gloppen møtttest 4000 menn og kvinner på stiftssamling i Det norske misjonsselskab, og dei sende takketelegram til regjeringa og Stortinget. Det gjorde òg

dei kring 3500 som møtte fram på ungdomslagsstemna i Vik midt i juni. Dei fekk høyra ei rekke talar om spørsmålet, ikkje minst av stortingsmann Anfinn Refsdal frå Vik som hadde vore med på 7. juni-vedtaket.

Den store nasjonale mobiliseringa byrja med 17. mai-feiringa «som hev samla fleire folk um sine dyre og nasjonale minne enn kanskje nokon gong fyrr», etter det *Sogns Tidende* (23/5) kan fortelja, men ikkje alle stader: «Paa Frønningen var det iaar svært faae som «hadde tid» aa vera med og halda fest 17de mai. Det er svært kor seint det kann ganga upp for folk, kor mykje denne dagen hev aa segja for oss.»

Dei siste dagane i juli vart det klårt at det ville bli folkerøysting etter at Sverige kravde det for å innleia forhandlingar. Var det vanskeleg å vera unionsven eller



*Folkerøystinga i Stedje kyrkje, Sogndal 13. august 1905. Sogns Tidende informerte om fotograferinga føreåt for å få folk til å stilla opp og formidle sal av fotoet etterpå. Det heng framleis i stort format i mange heimar i Sogndal. Jens Kvåle sjølv står ytst til venstre med den fem år gamle sonen sin i kvit trøye, truleg den einaste ungen på biletet. Dette ville faren at han skulle få oppleva, fortel Dagny Kvåle. (Eigar: Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane. Fotograf: Nils O. Reppen.)*

tvilar tidlegare på sommaren, vart det umogleg no. Vedtaket 7. juni kan berre «udslettes med det norske Folks Blod», melder *Sogningen* (4/8) – det vil «blive forsvaret saalænge der findes en vaabenfør Mand i Landet.» Å møta fram og røysta ja var ei æressak for einkvar god fedrelandsvæn med røysterett. «Gud fri oss fraa at nokon vaagar aa gjera svenske av seg og oss og vaart fedraland i desse tider», skreiv *Sogns Tidende* (28/7). Lensmann og valstyreformann A. Øen i Vik nøydde seg ikkje med formell og praktisk instruksjon i korleis valet skulle gjennomførast, men la til at «Lad der ikke komme noget Nei i Urnen.» (S 4/8) Det hagla inn med opprop og lesarbrev til avisene, som vart spreidde i store ekstraopplag. Problematiske segment i veljarflokken vart identifiserte. Med bergensavisene som kjelde var Jens Kvåle redd for at «ein og annan havstrilen som bur ute i dei ytste skjer, vil koma til aa svara nei. Dei er ogso utan all politisk upplysning. ...Dei kann let koma til og verta forrædarar mod dei krav som fedralandet hev.» (ST 8/8) Lekmannsfolket var han heller ikkje trygg på. På Kaupanger vart det

greitt, det same var Sogndal, og på Norane var der «ikkje ei svikarsjæl som gjer svenske av seg». Derimot var det redsle for at «veitastrendingarne er so politisk formyrka og skakkøyrde at dei mannjamt vilde røysta nei». Men eit folkemøte på Soget 6. august gjorde heldigvis at «skodda dreiv burt fraa grend etter grend.» (ST 18/8) Ein strek i rekninga var det likevel at mange veitastrendingar ikkje fekk røysta fordi propellen på båten på Veitastrondsvatnet rauk.

Aldri har heimesitjarane vore meir uglesedde. I Jostedalen var det fem av 180 røysteføre som ikkje møtte fram. Tre var reiste frå bygda, så det var greitt, tykte innsendaren i *Sogns Tidende*, «men dei andre two, Anders N. Bjørheimen og Lars N. Hesjevoll, sat heime». (ST 18/8)

Røystedagen sundag 13. august vart den store festdagen i 1905. Folk gjekk til kyrkja i finstasen, det var flagg overalt, kyrkjene var pynta, mange stader med banner – «Frit Norge» stod det over korkvelvingen i Aurlandskyrkja. Der skaut dei òg av 12 dynamittskot, og saluttsalvene small jamt i innover i fjordane. Gudstenestene



Fjorden var framleis hovudferdselsåra i Sogn i 1905, og mange stader var folk avhengige av båt for å koma seg til kyrkja. Her er mange festkledde menn og kvinner samla på fjorden i samband med røystinga 13. august i Tjugum kyrkje, Balestrand. (Eigar: Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, fotograf: ukjend.)

vart regisserte med stigande program der klimakset var fedrelandssalmane før mennene gjekk til røysteurna. Det var då så stilt i kyrkjå at ein kunne høyra andedraga til kvarandre; «forsamlingen (i Aurland) drog innimellom tunge sukk, taarorne rann nedyver kinni paa mange.»

Det var såleis ikkje den store stemninga for å skriva 'nei' på røystesetelen, og det gjorde då òg berre 184 personar i heile landet. I Sogn og Fjordane var det tre nei-røyster, to i Sogndal og ei i Selje. Frammøtet i fylket var utrulege 92,5 prosent med Vik både på fylkes- og landstoppen – 98,4 prosent! Her fekk Rasmus Thorsen verkeleg noko å skryta av.

#### SLUTT PÅ SEMJA – FORHANDLINGAR I KARLSTAD

Norske styresmakter stod på at unionen statsrettsleg og folkerettsleg var opplyst 7. juni, men politiske omsyn til Sverige og stormaktene gjorde at ein ynskte å koma til ei semje om opplysinga. Rett etter folke-røystinga byrja krangelen i Sogn som på landsplan om Noreg si line i forhandlingane. Ein radikal opposisjon, «Karlstad-stormarane», vart no svært aktiv. Han hadde Venstre-stortingsmennene Johan Castberg og Wollert Konow (Hedmark.) i brodden, målavisa *Den 17de Mai* som hovudorgan og norskdomsrørla, delar av Arbeidarpartiet og den radikale fløya i Venstre som den viktigaste politiske basisen.

Forhandlingane vart førde i Karlstad frå 31. august til delegasjonane underteikna traktaten 23. september, og særleg mot slutten var krigsfrykta og spenninga svært stor med titusentals skotklåre soldatar på båe sider av grensa. Praktiske og økonomiske forhandlingspunkt som reinbeite og bruk av grensevassdraga var dei minst problematiske. Mest kontroversielt i Noreg var det svenske kravet om å riva grensefestningane som var bygde i åra fram til 1903 som forsvar mot ein svensk invasjon. *Sogningen* valde eintydig den forhandlingsvilkjuge regjeringslina og meinte ein krig var det verste av alt:

Der kan vel ikke hænde de nordiske Folk noget ulykkeligere, end om Forhandlingerne i Karlstad nu skulde strande. Hvad en Krig – uanseet Utfaldet – vilde indebære af Rædsler og Ødelæggelser for begge Folk, af Skam og Vanry over hele den civilicerede Verden, af hundreaarigt Had og Svækkelse overfor fælles Farer, kan enhver med Gru sige sig selv. (S 22/9)

Regjeringa og stortingsfleirtalet gjekk til slutt med på å riva grensefestningane – berre dei historiske delane av festningsanlegga i Halden og på Kongsvinger fekk stå. *Sogningen* konkluderte med at «det almindelige Indtryk er vistnok, at magrere kunde Forliget ikke blit.» (S 6/10) Avisa stod likevel last og brast med den norske forhandlingsdelegasjonen: «En inderlig Tak sender vi Statsministrene Michelsen og Løvland, Præsident Berner og Advokat Benjamin Vogt for deres trofaste Vagthold om Fædrelandets sande Ære.» (S 29/9)

Kva så med *Sogns Tidende*? Heldt avis på den moderate og regjeringstru lina frå våren, eller slo ho seg i lag med Karlstad-stormarane og leiande krinsar i norskdomsrørla som ho var ein del av? Før tingingane stramma avis opp dei norske forhandlarane og vona dei «ikkje gjeng i kne for dei uvyrdrne kravi» om at «grensefestningane skal gjerast til inkjes» (ST 22/8). Då forhandlingsresultatet låg føre, vart ikkje berre regjeringa, men òg unionsradikalarane sette på prøve. Skulle ein gå imot Karlstad-semja og risikera ein krig? «Vondt vert det aa døyva kjensla av at Noreg hev maatta bøygt seg djupt til knes,» meinte *Sogns Tidende*. Innsendaren «H.M.R.» frå Leikanger meinte ein no fekk slå i bordet til svenskane og heller ta krigen om han kjem – det er betre enn at «eit anna land skal hava rett aa komandera vaare festningar burt» og «blanda seg inn i vaart styre og stell» (ST 3/10). Protestane mot Karlstad-semja får spalteplass. I Sogndal skipa til dømes venstreforeininga til eit møte som samråystes vedtok denne fråsegna til Stortinget:

Eit møte i Sogndal idag 8de oktober uttalar djup misnøgje med semja fraa Karlstad, avdi vetaket um grensefestningane gjeng vaar nasjonale æra for nær og gjer landsens framtid uthygg. Likeins krev me med all vaar rett og styrke at folket skal faa lov til aa uttala seg um statsformi.<sup>10</sup>

Hovudorganet for Karlstad-stormarane, målavisa Den 17de Mai, formidla gjennom spalta «Folkeharmen» protestar frå heile landet. Tre brev kom frå Sogn – eitt frå Olav Sande på Leikanger, eitt frå Lærdal og eitt frå Kr. Bærum i Luster (3/10 og 5/10). Dei to siste ser me ikkje noko til i *Sogns Tidende*, og det kan vera protestar som ingen av dei to avisene har fanga opp. Men korkje *Sogns Tidende*, folkemøte eller meir enn eit par tonegjevande personar i Sogn gjekk inn for at Stortinget burde avvisa det som *Sogns Tidende* meinte var «eit klent og tuske forlik» i Karlstad. Her er det ein tydeleg skilnad mellom Sogn og Nordfjord, der det kom fleire slike krav. Den harde retorikken vart verande berre retorikk, og til liks med mange andre innsåg avisa at forliket trass alt var betre enn krig. Den heroiske militarismen som ikkje minst Den 17de Mai kunne by på ein del av gjennom 1905, vart kontant avvist både av *Sogns Tidende* og av *Sogningen*, utgjeven i militærbygda Vik, og eit konsekvent støtteorgan for Michelsen-regjeringa også under Karlstad-forhandlingane. Som på vårparten plasserte *Sogns Tidende* seg såleis på den moderate sida i Venstre, og talande nok fekk avisa òg takkehelsing frå Jørgen Løvland etterpå.

Etter at Stortinget vedtok Karlstad-semja mot 16 røyster og *Sogns Tidende* hadde brukt god plass på å referera ordskiftet, var haldninga at trass i at det vart eit därleg forlik i Karlstad, må «modet haldast uppe», for no skulle nye slag stå: «No straks maa folk i forfatningsspursmalet syna, at dei er vakne.» (ST 10/10)

## KONGEDØME ELLER REPUBLIKK?

«Det ser ut, som me maa paa'n att med avstemning. Denne gang skal kravet vera frå Danmark. Sjølvsgatt maatte kravet koma frå eit anna land, fyrr det vart haurt», skreiv republikanaren Lasse Trædal Iakonisk i *Sogns Tidende* (31/10). Agitasjonen for republikk, og for folkerøysting om styreforma, byrja for fullt før blekket på karlstadtakten var turt, og spørsmålet om styreforma var vel så viktig for *Sogns Tidende* og Jens Kvåle som karlstadtingane.

Alt våren 1905 hadde dei leiande nasjonale strategane med Christian Michelsen og Jørgen Løvland i spissen lagt strategien som vart følgd. Minst mogleg i det norske statsstyret skulle endrast for å overtyda grannar og stormakter om at Noreg ikkje var overteke av uansvarlege revolusjonære krefter. Difor gjekk òg republikanaren Jørgen Løvland inn for at Noreg framleis skulle vera kongedøme. Den 7. juni vedtok Stortinget å tilby den norske trona til ein prins av huset Bernadotte, kongefamilien som styrt Sverige, mot at prinsen sa frå seg retten til den svenske trona. Samstundes kunne den norske regjeringa vera sikker på at kong Oscar sa nei til tilbodet, så alt i juni hadde dei i løyndom fått danske prins Carl til å seia ja til å bli norsk konge. Han var gift med Maud, dotter av den engelske kongen, og dei hadde ein 3-årig son, Alexander (seinare kong Olav), som kom til å veksa opp i Noreg og vera «heilnorsk» når han ein gong skulle ta over trona.

Michelsen og regjeringa sette alt inn på å få gjennomført denne planen. Fyrst vart alle krav om folkerøysting om statsforma avviste, og då det til slutt vart sett som eit vilkår frå dansk hald, vart ikkje røystetemaet kongedøme eller republikk, men eit ja eller nei til Stortinget sitt vedtak om å be prins Carl bli norsk konge. Regjeringa la heile 7. juni-prestisjen sin i saka og gjorde det klårt at ho ville gå av dersom det vart nei-fleirtal, noko som kunne vera dramatisk i ein situasjon der såpass mykje av tilhøvet til utlandet framleis var flytande.

Republikanarane la på si side stor kraft i å gjera røystinga til eit spørsmål om styreform, og det er òg slik etter tida har tolka ho. Me skal gå inn på to spørsmål, fyrst korleis striden arta seg i sognaavisene, og deretter på korleis røysteresultatet i Sogn kan forklarast og kva det fortel oss om dei politiske tilhøva.

Etter at det i månadsskiftet oktober/november vart klårt at regjeringa bøygde seg for det danske kravet om folkerøysting, byrja ein tovekers valkamp som var like intensiv og oppheta som i august, og der *Sogns Tidende* og *Sogningen* gjorde seg til agitasjonsorgan for kvar si side. *Sogningen* spela mykje på glansen kring Grunnlova, 1814 og 17. mai, og grunnlovskonservatismen vart mobilisert for kongedøme: «Vi har en Grundlov, og den skal følges; alt andet er Revolution.» (11/10) I ein redaksjonell notis i same nummer heiter det at «Intet er mere betegnende for den fanatiske Blindhed hos dem, der agiterer for Indkaldelsen af en grundlovgivende Forsamling, end at de forgriber sig paa selve den 17de Mai, som er Nationens Hædersdag, dens Stolthed og Øiesten.» Folkerøysting om styreforma var *Sogningen* sterkt imot. «Vi fornærmer ikke Vælgerne ved at sige, at de allerflestne af dem har liden Oversigt over Sagen». Diverre fanst det folk som trudde at dei «med Lethed kan tumle med de sværeste og vanskeligste Spørgsmaal.» (20/10)

Sentralt på kongedømesida stod det ein må kunna karakterisera som rein skremmelspropaganda. Det stod mellom å «tillade Berner, Michelsen og Løvland at føre Skuden i Havn, eller om vi midt i Stormen skal give Roret til D'Hrr. Socialisterne Castberg og Eriksen, Digteren Gunnar Heiberg m. Fl.,» skreiv *Sogningen* (3/11). Avisa streka òg kraftig under at det var dei same kreftene som ville ha republikk som tidlegare på hausten hadde sagt nei til Karlstad-forliket og ynskte å kasta Noreg ut i ein krig. Motsetnaden mellom republikanarar som krigsglade rabulistar og monarkistar som ansvarlege statsmenn går som ein raud tråd gjennom agitasjonen. Påstandane om at eit nei ville føra til politisk og diplomatisk ustabilitet i sam-

bandet med utlandet tapte likevel raskt ein del styrke då utanriksminister Jørgen Løvland kunne opplysa at dei framande maktene hadde godteke å oppretta diplomatisk samband med den norske regjeringa i månadsskiftet oktober/november.

Men det handels- og næringspolitiske argumentet stod sentralt heile vegen. Eit nei ville «utvilsomt vil blive til ubodelig Skade for Landets Næringsliv,» og 106 av dei største bankane i landet gjekk saman om eit opprop for kongedøme og for å få vald ny konge snarast råd (S 11/10). I det siste nummeret før røystinga fortalte *Sogningen* at i dei ni første månadene av 1905 hadde innskota i bankane i Kristiania gått ned med 16 mill kr, «som er sendt til Udlændet. ...Skulde ikke denslags Meddelelser være egne til at give ogsaa de republikanske Rabaldermagere en Smule Forstaaelse af, hvad der staar paa Spil?» (8/11)

Hovudsaka for republikanarane var at ei arveleg kongemakt ikkje kunne sameinast med eit moderne folkestyre. Kongedømet var «utlivt og daut», og i eit demokratisk land var det «ein utvikster paa det ideale liv som folket hev sett seg» (ST 29/9). Republikken høvde med fredstanken som var sterkt framme i tida, og han ville høva med at «folket er eit arbeidsfolk som ikkje hev utkoma til og ikkje syn for krupande menneskjedyrkning.» Slik vart også førestellinga om Noreg som ei samfunn med liten sosial ulikskap brukt som argument for republikk. Eit mykje brukt poeng i agitasjonen var kostnadene med eit kongehus. Kvåle drog fram den gamle republikanaren og sparepolitikaren Søren Jaabæk og prøvde å appellerte til jordnære og spareviljuge sognabønder: Eit kongehus ville kosta opptil 1 mill kr årleg, ein president berre 100 000 kr. At dette ikkje gjekk heim over alt, vitnar ei soge frå Jostedalen om. Ein gardbrukar skal ha forkjent på dagen for folkerøystinga at «eg skal ha konge, om eg so skal halde han sjølv».

Eit veikt punkt for republikanarane var at store delar av den politiske, økonomiske og kulturelle eliten gjekk inn for kongedøme. Dei konservative veljarane var

monarkistar frå før, så kampen stod om Venstre-veljarane. Monarkistane fekk god drahjelp av at tidlegare profilerte republikanarar som Jørgen Løvland, Bjørnstjerne Bjørnson, Fridtjof Nansen og Ernst Sars no agiterte for kongedøme. *Sogns Tidende* var vonbroten over Bjørnson, men avskreiv den nyomvende monarkisten med at han var «ein gamal snurrebas som surrar rundt som anna leikety utan minste fotefeste i det han fyrr hev tala og skrive for» (ST 3/10). Republikanarane la mykje vekt på å visa til dei respekterte og truverdige kretene som støtta nei-sida. Tidlegare sentrale politikarar som Johannes Steen, Otto Blehr og Gunnar Knudsen og diktarhovdingen på nynorsk-sida, Arne Garborg, vart nemnde som underskrivarar på eit anna opprop frå «kjendte mænd over hele landet».

Mest overraskande er det at kongens mann i Nordre Bergenhus, amtmann John Utheim på Leikanger, tidlegare stortingsrepresentant for Venstre (1892–94), slo til med eit innlegg der han oppmodar sogningane om å røysta for republikk.<sup>11</sup> Det kom godt med då *Sogningen* hevdar at republikanarane var «Skraalhalse og opviglere». «Naar me no ser at menn som t. d. amtmann Utheim arbeidar for republik, so vil dermed 'Sogningen' sin dom koma i sitt rette ljós,» repliserte *Sogns Tidende* (10/11). Seinare heldt han òg eit agitasjonsføredrag i Sogndal. Det var elles òg det einaste møtet om spørsmålet som avisar melde om. Truleg var det fleire, men nokon stor republikansk møteverksem kan det ikkje ha vore omkring i bygdene utan at *Sogns Tidende* fanga det opp. Heller ikkje møteverksem for kongedøme er det spor etter. *Sogningen* nemner ei rad føredrag og møte landet over, men ingen i Sogn, og heller ikkje i resten av fylket. Regjeringsmedlemer og kjendisar som Nansen prioriterte ikkje Nordre Bergenhus på agitasjonsturneane sine.

Den mest slåande skilnaden i agitasjonen på dei to sidene, er den lokale profilen. *Sogningen* henta i stor grad argumentasjon og autoritet frå hovudstadspressa og den sentrale politiske, økonomiske og kulturelle eliten, og det var knapt lokale opprop og lesarbrev for konge-

døme å sjå i avisar. *Sogns Tidende* hadde derimot mange lokale innslag i agitasjonen for republikk og visste dessutan å utnytta den kristianiadominerte profilen til kongedømeagitasjonen for det han var verdt. Avisa tvilte ikkje på at eit hoff ville vera «en særdeles behagelig ting for vinhandlere, modehandlere og endel andre omsætningsmænd i Kristiania», og det ville vera «behageligt for Kristianiasnobben og Kristianiafiffen at kunde 'gaa paa slotsbal'. (7/11) Kvåle spela hemningslaust på motsetnaden mellom by og land, mellom dei kondisjonerte og bønden

Resultatet av folkerøystinga 12.–13. november vekte stor glede i *Sogningen* og tilsvarande vonbrot i *Sogns Tidende*. Det galdt både resultata for landet (21,1 prosent for republikk), Nordre Bergenhus Amt (19,6 prosent) og Sogn (21,2 prosent). Korleis kommenterte så avisene resultatet? Den einaste lokale stemningsrapporten var frå Kyrkjebø, og her kjem det ei viktig opplysning: På grunn av storm kom ikkje folk på sørsida av fjorden seg til kyrkja, så det forklarer nok at valdeltakinga berre var på 61 prosent i valkrinsen. Vurderinga til ein anonym valstyremedlem i *Sogns Tidende* skal ein merka seg: «Monarkisterne har mødt op fuldtallig. De, som uanset alt, vil ha republikken er ogsaa opmødte, men de som ønskede republikken, men var bange for, at det skulle blive vanskeligheder, om regjeringen trak sig tilbage, har foretrukket at bli hjemme.» (ST 17/11) Det går tydeleg fram at denne karen sympatiserte med republikanarane, men det er nok all grunn til å tru at skremselspropagandaen og kabinettspørsmålet til regjeringa har verka. Kvåle sjølv meiner den korte tida før røystinga gjorde at mange republikanarar straks miste motet. Men han trøysta seg med at arbeidet for republikk ikkje hadde vore bortkasta. Mange hadde fått augo opp for at republikken ideelt sett var den beste statsskipnaden, og han trudde at særlig «bønder og dei laagare lag i folket» hadde skjøna at «dei republikanske krav hev peikt paa den folkelege leid som landet maa styrast etter» jamvel om det vart kongedøme.

Republikanarane bøygde seg straks for resultatet, og valet av prins Carl som norsk konge var samråystes i Stortinget. Alle republikanske aviser la vekt på at striden no var over og at ein måtte stå samla, og *Sogns Tidende* var ikkje noko unntak. Me lyt «venda vaart syn framryver med voner um at vaart kjære fedraland maa gaa ei god tid imøte» (17/11) Republikanarane hadde lagt stor vekt på ikkje å gå til åtak på prins Carl og familien hans personleg, og Kvåle trudde ikkje det fanst den nordmann som ynskte «aa gjera livet surt for det unge fyrstepar som no vil knyta sin livslagnad saman med vaart folk og land».

Vegen frå republikanismen til kongedyrking var i det heile overraskande kort. *Sogns Tidene* slo til med A.O. Vinjes dikt «Kongen kjem» i årets feitaste typar (5/12). Men i kongedyrking var det sjølvsagt *Sogningen* som tok kaka. I fleire veker før og etter røystinga hadde avisar lange stykke om kva for ein strålande kar prins Carl var, om slekts- og familietilhøve i Oldenborg-dynastiet og målande skildringar frå kongefestar i København og Kristiania. Bortsett frå mangelen på bilete står ikkje dekninga noko tilbake for vår tids kongestoff i media.

Den offisielle festhelga i november då den nye kongefamilien kom til landet, vart ein ny sjanse til å markera den breie nasjonale semja som hadde prega mykje av året, og til å feira avslutninga på sjølvstendestrevet. «I Sogn hev holder ikkje folk vore radt utanum folkeskikken no desse høgtidssame dagarne», skriv *Sogns Tidende* (28/11) og er tydeleg glad for det. «Kring alle bygder hev flaggi vore i topp, og um dei enn hev hekke slakke i det tunge veret, so hev folk – i mange bygder – friska upp med skjotning og festing.» Avisa visste i allfall om folkefestar i Lærdal, Aurland, Balestrand og Vik. I Sogndal hadde det vore stort fyrverkeri og barnefest i folkeskulen med 400 frammøtte. Denne gongen var det ikkje folkehøgskule- og ungdomslagsfolk som skipa til, men konene til lensmann Lem, dr. Schøyen, amtsdyrlækjar Mossige, utskiftingsformann Falch og overrettssakførar Darre-Jensen, altså dei kondisjonerte som ein lyt tru har vore dei monarkistiske kjerne-

troppane i Sogndal.<sup>12</sup> Norskdomsmiljøet i Sogndal hadde sin eigen fest same sundagen der det vart tala for kongen, fedrelandet og ungdomen, og ungdomshuset var pynta med kongeordet «Alt for Noreg!» (på landsmål) (ST 5/12).

Det symbolske punktumet for republikanismen i Sogn stod *Sogns Tidende* for då avisar i siste utgåva før jul kunn gjorde at alle som betalte bladpengane innan 15. januar skulle få ei gáve. Dei kunne velja mellom eit festskrift om Sogndal folkehøgskule som var 35 år, eller – «eit fagert bilæte av kongefamilien ...det fragraste som er i handelen. Det er fargetrykk paa sterkt slett karton, og kongen, dronningi og krunprinsen sit under det norske vaapen og er umkransa av det norske flagd.» (21/12) Avisa kjende nok marknaden sin og kunne ein månad seinare melda at «ein mengde [hev] tinga paa bilætet av kongefamilien»!

## SOGN – EIN DEL AV 'FOLKEHØGSKULEREGIONEN'?

Samfunnsforskarar som Gabriel Øidne og Stein Rokkan og historikarar som Jostein Nerbøvik har lagt vekt på at ein kan skilja ut ein 'folkehøgskuleregion' eller eit 'fjell- og fjord-Noreg' som omfattar fjordane og fjellbygdene i Sør-Noreg. Denne regionen har vore prega av at politisk radikalisme (Reine Venstre), målreisinga, norskdomsrørsla og skyttarlagsrørsla stod sterkt, i motsetnad til den pietistiske og konservative kyststripa i Sør-Noreg og det klassedelte sentrale Austlandet. «Merkeleg nok var det dei mest tilårskomne bygdene i det indre Fjord- og Fjell-Noreg som røysta for republikken,» skriv Jostein Nerbøvik og peikar på at republikkprosenten var høg der den frilynde ungdomsrørsla hadde kjerneområda sine.<sup>13</sup> Sogn, i allfall dei indre delane, er eit kjerneområde i denne 'folkehøgskuleregionen', og ut frå dette skulle me venta å finna sterk oppslutnad om republikk slik ein både såg i Hardanger, Telemark, indre Agder og Lom.

Me har alt sett at dette ikkje er tilfelle – oppslutnaden om republikk i Sogn var ikkje høgare enn i landet under eitt. Dreg me eit skilje mellom kystbygdene og fjord-

12 ST 1/12. Lem stod bak det einaste lokale lesarbrevet for kongedøme eg har merka meg (S 8/11).

13 Nerbøvik 1999, s. 207 og 213f.

bygdene, får me eit markant skilje: berre 7 prosent for republikk på kysten mot 25 prosent i fjordbygdene (jf. tabell 1). Men 25 prosent er trass alt heller ikkje så mykje om ein er på leit etter eit republikansk kjerneområde.

#### FOLKERØYTINGA 12.–13. NOVEMBER 1905 I SOGN

«Er du samd i Stortingets fullmakt til regjeringa om å oppmoda prins Carl av Danmark om å la seg velja til Noregs konge?»

Valsokn	Deltaking (%)	Gødkj. røyster	Ja	Nei	Nei (%)
1. Jostedal	75,1	133	71	62	46,6
2. Luster	74,4	472	352	120	25,4
3. Hafslø	69,2	410	333	77	18,8
4. Årdal	63,9	151	116	35	23,2
5. Lærdal	72,5	417	278	139	33,3
6. Sogndal	85,6	611	463	148	24,2
7. Aurland	76,3	446	408	38	8,5
8. Leikanger	83,7	410	229	181	44,1
9. Balestrand	76,7	372	284	88	23,7
10. Vik	79,5	556	524	32	5,8
11. Lavik	61,2	487	290	197	40,5
12. Gulen	73,8	490	426	64	13,1
13. Solund	79,4	324	311	13	4,0
14. Hyllestad	84,3	429	412	17	4,0
<b>Sum, Sogn</b>	<b>75,4</b>	<b>5708</b>	<b>4497</b>	<b>1211</b>	<b>21,2</b>
Indre Sogn (1–8)	76,3	3050	2250	800	26,2
Ytre Sogn (9–14)	74,6	2658	2247	411	15,5
Fjordbygder (1–11)	74,7	4465	3348	1117	25,0
Kystbygder (12–14)	78,7	1243	1149	94	7,6
Nordre Bergenhus Amt	79,0	14 315	11 507	2808	19,6
Landet	75,3	328 827	259 563	69 264	21,1

Merknad: Kommunane Brekke og Kyrkjebø høyrdet til valsoknet Lavik, og Borgund høyrdet til Lærdal.

Kjelde: Kjelda, nr. 3, 2004, s. 49; eigne utrekningar.

Meir slåande er skilnaden mellom grannekommunar både i indre og ytre Sogn. Her ser me at dei sterke republikkbygdene ligg spreidde, frå Jostedalen inst i Sogn, via Leikanger midt i fjorden til valkrinsen Lavik (herada Brekke, Lavik og Kyrkjebø) ytst i fjorden. På kysten er det svært få republikanarar, men det gjeld òg Vik midt i fjorden og Aurland i Indre Sogn.

Vil det sei at teorien om Sogn som ein del av 'folkehøgskuleregionen' smuldrar bort for oss? Nei, ikkje om me går ned på bygdenivå og ser det i samanheng med målreisinga og stillinga til norskdomsrørsla. *Sogns Tidende* hadde sjølv eit par observasjonar før røystinga av korleis motsetnadene vart oppfatta i samtidta: «Stemningen i Sogn er ymsen. I dei bygder, der det er minst embætsfolk, er det mest republikanarar.» Frå ei «bondebygd» der alle unntake den folkelege presten var bønder, var det kome telefonmelding om at «Her stemmer me nei alle – paa 3 mann nær.» (ST 7/11) Slike optimistiske vurderingar før røystinga var nok i vel så stor grad agitasjon som meiningsmåling, og republikanarane kom ikkje i fleirtal i nokon av kommunane i Nordre Bergenhus Amt, heller ikkje i Stryn og Hornindal. Men *Sogns Tidende* råkar likevel noko vesentleg: Det var eit klårt samsvar særleg mellom styrken til norskdomsrørsla lokalt og republikanisme.

Det ser me tydeleg i dei fem kommunane i Sogn der republikanarane stod sterkest. Sognabygdene var tidleg ute med å ta i bruk nynorsken, og 1905 var midt i den mest hektiske målreisingstida. Kommunane Kyrkjebø, Lavik, Brekke og Leikanger var både dei fire kommunane i Sogn som hadde teke i bruk landsmålet i skulen i 1905 og som hadde flest republikanarar. Kyrkjebø, Brekke, Lavik og Fresvik i Leikanger var òg mellom dei ni kyrkjesokna i Sogn som tok i bruk Blix-salmane før 1905. Berre Jostedalen hadde fleire republikanarar i Sogn, men der hadde òg fire av fem skulekrinsar gått over til landsmål seinast i 1906 sjølv om formelt vedtak ikkje vart gjort før 1908–10.<sup>14</sup>

I desse lokalmiljøa finn me sterke lokalpolitikarar, bygdehovdingar og gjerne lærarar som Lasse Trædal i Lavik, Mons Hjelmå i Brekke, Andreas Vamraak i Kyrkjebø, og på Leikanger Olav Sande attåt amtmann John Utheim, som òg var ihuga republikanar og målmann. Sist i januar 1905 vart Kyrkjebø mållag skipa med Vamraak som fyrste formann – han var òg formann i Sogn Ungdomslag. 13 av 16 heradsstyremedlemer vart med i mållaget, her var det med andre ord snakk om totalt lokalpolitisk hegemoni for norskdomsrørsla (S 1/3).

Går me til hovudkvarteret for rørsla i Sogn, folkehøgskule- og avisbygda Sogndal, greidde det sterke norskdomsmiljøet der berre å få 24 prosent til å røysta for republikk. Det er eit talande uttrykk for at dei ikkje hadde same posisjonen som målfolka i Kyrkjebø. Soga om innføringa av landsmålet i Sogndal vitnar om det same: Det skulle gå mange år og skiftande krins- og skulestyreleirtal frå det fyrste vedtaket om landsmål i skulen vart gjort i 1908 og til språkskiftet var eit faktum. Så her hadde venstre- og folkehøgskulefolka store problem med å hamla opp med det sterke konservative miljøet kring godseigarane, embetsmennene, næringsborgarskapet og storbøndene. Slik kunne me teke føre oss bygd for bygd og sett det same mønsteret. Mi vesle gransking har såleis styrkt det generelle biletet av at det var ein sterk samanheng mellom republikanism og styrken til norskdomsrørsla lokalt, og at me har å gjera med forklaringar på fleire plan – både sterke lokalpolitiske aktørar og ulik sosial struktur i bygdene.

## SOGN – MELLOM SØRVESTLANDSK KONSERVATIVISME OG NORDVESTLANDSK RADIKALISME?

Det er gjort eit viktig arbeid det siste tiåret med å gjenoppdaga norskdomsrørsla som unionsradikal faktor i 1905 og politisk faktor i det heile, noko særleg historikaren Jostein Nerbøvik (1938–2004) gjekk i spissen for. Anders Kirkhusmo er nok talande for forskingstradisjonen

når han i ei utmerka gransking om unionell radikalisme i Venstre 1885–1891 berre legg vekt på Dagbladet og miljøet kring Bjørnson og ikkje nemner norskdomsrørsla. Nyare granskinger av norskdomsrørsla, ikkje minst dei sentrale målorgana *Fedraheimen* og *Den 17de Mai* med den legendariske redaktøren Rasmus Steinsvik, har gjeve ei verdfull utfylling av dette biletet. Det siste tilskotet er ei masteroppgåve i historie av Margit Bergstrøm om *Den 17de Mai* i 1905.

Faren er at framhevinga av radikalismen i dei sentrale delane i norskdomsrørsla, og i profilerte område som søre Sunnmøre og Hardanger, kan styrka inntrykket av at dette gjeld for heile området der målreisinga tidleg fekk innpass. Eit lite blikk på stortingsvala i landkrinsane på Vestlandet 1888–1903, etter splittinga av Venstre i Moderate og Reine, understrekar derimot at Nordre Bergenhus Amt stod i ein mellomposisjon.<sup>15</sup> Stavanger Amt (Rogaland) utgjorde kraftsentrumet til Moderate Venstre, som gjorde reint bord i vala 1888–1903 bortsett frå eit par Høgre-representantar. I Romsdals Amt (Møre og Romsdal) gjorde Venstre heilt reint bord i same periode. Mellom desse ytterpunktene låg Søndre Bergenhus (Hordaland) og Nordre Bergenhus og vakla, men i både amta vann Moderate Venstre grovt sett 10–2 i perioden 1888–1903. Det er berre i Søndre Bergenhus at skilnaden mellom ytre og indre delar er markant – med Hardanger som republikansk Reine Venstre- og norskdomsland. I Nordre Bergenhus er stortingsvalkarta til Øidne til liks med republikanarkartet langt meir brokut, og her sokna òg mange profilerte norskdomsfolk til Moderate Venstre. Det galdt td. både folkehøgskuleskipar Jakob Sverdrup i Sogndal, seinare folkehøgskulestyrar Henrik Mohn Dahl og Anfinn Refsdal i Vik.

Bergstrøm si gransking av *Den 17de Mai* gjev ein peikepinn om at det kanskje alt i 1905 vart skapt eit anna bilet av Sogn på riksplan enn det som samsvara med den lokale røyndomen. I mars 1905 refererte *Den 17de Mai* ei oppmoding frå skyttarlagsformannen i Sogn, H.M.

<sup>15</sup> Opplysningane om mandatfordelinga er henta frå Data om det politiske system, NSD [www.nsd.uib.no, 17.8.2005].

Knudsen, om å slutta seg til skyttarrørsla av nasjonale grunnar. Avisa gav skyttarlaget hovudæra då Den 17de Mai i den oppheta stemninga kring mobiliseringa i september la vekt på at det fanst mange flinke skyttarar blant soldatane i Sogns bataljon. Dessutan var soldatane frå Sogn særskild djerve: «Det var aa ynskja at dei som i desse dagar skal avgjera Norigs lagnad hadde noko av same djerve mod, det mod som torer ta ansvar paa seg,» skriv Den 17de Mai. Men som me tydeleg såg, gav ikkje sognavisene nokre haldepunkt korkje for å hevda at sogningane var særskilt militaristiske eller at unionsradikalismen stod særleg sterkt her. Tvert om hadde ikkje Karlstadstormarane særleg mykje å henta i Sogn.

## SLUTTORD

Ein sentral konklusjon lyt vera at Sogn knapt kan seiast å skilja seg ut i 1905. Om ein legg oppslutninga om republikk og motstanden mot Karlstad-forliket til grunn, var Sogn under eitt heller gjennomsnittleg. Og det same mønsteret viser seg her som andre stader: dei republikanske kjernetroppane fann ein særleg i norskdomsmiljøa.

Den lokale entusiasmen kring unionsoppløysinga og særleg folkerøystinga i august var enorm, ekte og tverrpolitisk i Sogn som elles i landet. Som fleire har peika på, kan resultatet frå den første folkerøystinga minna om regime me helst ikkje vil samanlikna oss med, og stemninga kring røystinga var slik at det var bortimot umogleg å røysta eller argumentera for 'nei'.<sup>16</sup> Me har sett ei rad døme på korleis dette arta seg på grunnplanet i Sogn der avisene, som elles i landet, dreiv ein sterkt einsretta kampanje med klare overtramp ut ifrå demokratiske ideal. Men eit opnare ordskifte og rolegare klima hadde neppe gjeve eit særleg anna resultat i august-røystinga. Tonegjenvande lokale aktørar og lokale politiske miljø såg det slik at det var *deira* politiske prosjekt som endeleg sigra etter å ha fått statsmaktene si velsigning, og som no vart alvorleg truga av dei svenske krava og krigsføre-

buingane. – Det var Venstre og ikkje Høgre som hadde æra for å ha arbeidd fram den konsulatsaka som alle no støtta, fann Jens Kvåle det på sin plass å understreka i mai (ST 9/5). Michelsen var strategen og leiaren som førte skuta i hamn, som det heiter, men slik folkestemninga var i 1905, kunne parti og politikarar som tok sikte på å overleva stortingsvalet i 1906 knapt gjera noko anna enn å ta Noreg ut av unionen. Slik kan ein kan spørja seg om regjeringa like mykje var ein reiskap for desse folkelege kreftene som omvendt. Det er òg i dette lyset me må forstå entusiasmen og den tildels svært krasse tonen mot «svikarane» som ein del av dei lokale aktørane brukte. Det var ikkje eit utslag av blind lojalitet mot styresmakten, som i totalitære regime. Tvert imot var det eit forsvar for eit demokratisk prosjekt som langt på veg var kjempa gjennom nedanfrå, i allfall om ein med 'nedanfrå' meiner politisk medvitne og leiande krinsar i bygdene, og for dei stod det mykje på spel i 1905.

I ein vidare samanheng kastar hendingane i 1905 eit interessant ljós over den kulturelle og politiske moderniseringa av norske bygder. Eit av teikna på moderniteten er at eit 'førestilt fellesskap', den nasjonale identiteten, får rot i breie lag av folket og utfordrar den lokale identiteten som den sterkeste. Det er tydeleg både gjennom oppslutnaden om dei to folkerøystingane og 1905-årgangane til dei to sognavisene at den nasjonale identiteten er sterkt og blir opplevd som viktig. Slik står både avisene – og miljøa ikring dei – fram som moderniseringsagentar i Bygde-Noreg. Det er ikkje haldepunkt for å seia at *Sogns Tidende* i større grad enn *Sogningen* stod for ein forsvars-ideologi for tradisjonelle bygdeverdiar. Tvert om var det *Sogningen* som målbar bygdekonservatismen medan *Sogns Tidende* meir stod fram som kulturelt avantgardistisk og jamvel argumenterte for at sognabygdene skulle ta i bruk eit nytt skriftspråk (landsmålet). Slik representerte dei to avisene kvar sin nasjonalisme og kvart sitt nasjonsbyggingsprosjekt, to straumar som flaut saman nokre månader i 1905, men deretter flaut frå kvarandre

att. Dei grunnleggjande motsætnadene i norsk nasjonalisme vart ikkje borte med 1905 – truleg vart dei heller styrkte. Berre nokre veker etter 7. juni-vedtaket tala lærarar, kyrkjesongar, fylkespolitikar og tidlegare stortingsmann Anfinn Refsdal frå Vik til dei mange tusen som var møtt fram på ungdomsstemna i heimbygda hans. Han avslutta tala si med å oppmoda alle «til aa vera heilt norske. Som Sverike hadde mist si magt yver landet, so maatte me no heller ikkje vera danske i vaart maal. I eit fritt Noreg høver ikkje det danske Maalet.» (ST 30/6) Oppglødd av hendingane i 1905 intensiverte norskdomsrørsla arbeidet sitt, og dei neste åra nådde målstriden i Sogn eit høgdepunkt.

## NOTAR

### Kjelder og litteratur

S = Sogningen, Vik, 1.1.1905–16.2.1906; spreidde nr. 1897, 1899 og 1900.  
 ST = Sogns Tidende, Sogndal, 1.1.1905–20.1.1906; spreidde nr. 1903.

Bergfjord, Kjell og Arne Inge Sæbø. (1997). Målsoge for Vik. Årbok utg. av Vik historielag, s. 7–34.

Bergstrøm, Margit. (2005). «Norig for nordmenn, no eller aldri». Den sentrale krinsen rundt Den 17de Mai og Studentmållaget og deira kamp mot unionen i 1905. Masteroppgåve i historie. Universitetet i Oslo.

Bondevik, Kjell. (1971). Sogndal folkehøgskule i 100 år–187–1971. Sogndal: Folkehøgskulen.

Hasle, Kari Aslaug. (2005). Pressa i 1905. I: Kari Aslaug Hasle, Jens Johan Hyvik og Harald Endre Tafjord (red.), Lokale røyster i 1905. Unionsoppløysinga i avisar på Nordvestlandet (s. 15–26). Volda: Høgskulen i Volda.

Haugland, Kjell. (1985). Striden om skulespråket. Frå 1860-åra til 1902. Oslo: Samlaget.

Heiberg, J. V. (1906). Unionens opløsning 1905. Offisielle aktstykker vedrørende unionskrisen og Norges gjenreisning som helt suveræn stat. Kristiania: Stenersen & Co.

Kirkhusmo, Anders. (1978). Unionell radikalisme. Opinion,

- lederskap og parti 1885–91. Trondheim: Tapir.
- Kleppa, Hermund. (2005). Amtmannen i Nordre Bergenhus amt i 1905 – John Utheim. Kjelda, (nr. 1), s. 60–61.
- Koht, Halvdan. (1923). Jørgen Løvland. 3. februar 1848 – 21. august 1922. Syn og Segn, s. 1–7, 49–63.
- Kaartvedt, Alf. (1984). Høyres historie 1. Drømmen om borgerlig samling. 1884–1918. Oslo: Cappelen.
- Lothe, Anders A. (1950). Målreisingssoga i Sogn og Fjordane. Florø: Firda lærarlag m.fl.
- Mestad, Ola og Dag Michelsen (red.). (2005). Rett, nasjon, union. Den norsk-svenske unionens rettslige historie 1814–1905. Oslo: Universitetsforlaget.
- Målsnes, Jon (red.). (1947). Sogn Ungdomslag 50 år. Leikanger: Sogn Ungdomslag.
- Nerbøvik, Jostein. (1999). Norsk historie 1860–1914. Eit bondesamfunn i oppbrot. Oslo: Samlaget.
- Nese, Jon. (1998). «For fridom og framsteg». Med Vik ungdomslag i 100 år – 1898–1998. Vik: Vik ungdomslag.
- Rokkan, Stein. (1987 [1967]). Geografi, religion og samfunnsklasser: Kryssende konfliktlinjer i norsk politikk. I: Stat, nasjon, klasse. Essays i politisk sosiologi (s. 111–205). Oslo: Universitetsforlaget.
- Runde, Harald Jarl. (1997). De spredte Distrikters gjensidige forbindelse. Turistferdsel og utbygging av telefonnettet vestafjells. Vestnorsk Reiseliv, (nr. 2), s. 5–11.
- Runde, Harald Jarl. (2005a). Telestasjonar i Sogn og Fjordane (utklipp 1858–1905). Uprenta notat 10.2.2005, velvillig oppsett på førespurnad.
- Runde, Harald Jarl. (2005b). Telegraf og telefon – i rundskrivs form. Kjelda, (nr. 1), s. 52–53.
- Sørensen, Øystein. (2001). Kampen om Norges sjel. Norsk idéhistorie (Bd. 3). Oslo: Aschehoug.
- Øidne, Gabriel. (1957). Litt om motsetninga mellom Austlandet og Vestlandet. Syn og Segn, s. 97–114.
- Artikkelen er ein noko nedkorta og omarbeidd versjon av artikkelen «1905 i Sogn», prenta i Kari Aslaug Hasle, Jens Johan Hyvik og Harald Endre Tafjord (red.), Lokale røyster i 1905. Unionsoppløysinga i avisar på Nordvestlandet (s. 15–26). Høgskulen i Volda 2005. Sjå der for meir detaljerte kjelde- og litteraturtilvisinger.
- Ein stor takk til Hermund Kleppa, Harald Jarl Runde, Terje Eggum, Aasta Kvaale og Dagny Kvåle for hjelp med opplysningar og bilete.